

Kyrkjevalet
2015

Kyrkjevalet
2015

Kyrkjevalet
2015

Vallister og litt praktisk info

2015 er eit valår – 14.september er datoen for val til både sokneråd, bispedømeråd, kommunestyre og fylkesting. Kwart sokneråd er valstyre for soknerådsvalet i sitt sokn, og har ansvar for all informasjon som skal ut til fastsette fristar. Til dette ønsker ein å nytte «Masfjordingen». Då fastsette fristar var vanskeleg å få til å klaffe med plan for ordinære nummer av «Masfjordingen» kjem det her ei enkel «ekstraavgåve» - som også gjev rom for litt anna.

Godkjende vallister

Ved utløp av fristen for å levere kandidatliste til soknerådsvalet (1.mai), var der ikkje levert andre lister enn dei kvart sokneråd har arbeidd ut. Alder: På valdagen.

Valliste til Sandnes sokneråd

1. Lillian Andvik (27), Sandnes
2. Else Haugland (64), N.Kvinge
3. Magrete Skuggedal Andvik (26), Andvik
4. Harald Jostein Mjanger (57), Mjanger
5. Jon Egil Einestrånd (48), Einestrånd
6. Jolaug Haugsvær (50), Hope
7. Aril Andvik (46), Ådnekvamme
8. Marit Mjanger (48), S.Kvinge
9. Johan Andvik (19), Amundsbotn
10. Torstein Skuggedal (30), Andvik
11. Øyvind Lilletvedt (43), Sandnes
12. Randi Kjøsnes (47), Totlandsdal
13. Gaute Andvik (21), Andvik
14. Harald Magnus Haugsdal (63), Kvamme

Valliste til Solheim sokneråd

1. Kristin Midtgård (48), Matre
2. Dina Merete Kallestad Dyrhovden (48), Matre
3. Jostein Kvamme Duesund (38), Solheim
4. Kari Ann Kvamsdal (59), Haugsvær
5. Asbjørn Ole Bjørneklett (48), Matre

6. Frode Haugsvær Andersen (49), Haugsvær
7. Janne Kristin Haugsvær (39), Haugsvær
8. Sissel Trædal (36), Furebotn
9. Kristine Hindenes (25), Matre
10. Tore Trodal (28), Trodal
11. Tom Haugsvær (52), Haugsvær

Valliste til Frøyset sokneråd

1. Arne Johannes Riisnes (66), Hosteland
2. Rune Garmann (62), Areklett
3. Tone Asmussen Daae (51), Frøyset
4. Anita Larsen (26), Hosteland
5. Svein Birger Haugsdal (35), Duesund
6. Rita Kathrine Reknes (37), Gunnarbuøyra
7. Ragnvald Tangedal (55), Frøyset
8. Rita Birkeland-Sleire (36), Duesundøy
9. Vilmøy Asmussen Gaustad (23), Mollandseid
10. Asbjørn Daae (53), Frøyset
11. Liv Oda Dale (58), Hosteland
12. Marte Sleire Hatlevik (25), Hatlevik
13. Marita Sylta Birkeland (28), Reknes
14. Aase Skjervheim Areklett (66), Areklett
15. Kari Areklett (63), Areklett

Tid og stad for soknerådsvalet

Som ved dei siste vala, blir soknerådsvalet halde same dato og same stad som kommune-/og fylkestingsvalet – måndag 14.september.

Nytt av i år er at kommunestyret har gjort vedtak om å redusere til tre vallokaler, Kommunehuset, Matre skule og Nordbygda skule. Dette betyr at Sandnes sokn har vallokale i Kommunehuset, Solheim sokn på Matre skule og Frøyset sokn på Nordbygda skule.

Vallokala vil vere opne kl 11.00 – 18.00.

Førehandsrøysting

I perioden 10.august – 11.september vil der vere høve til å førehandsrøyste. Korleis dette kan skje, har ein enno ikkje gjort vedtak om. Dette vil bli gjort kjent seinare.

Dersom ein ønsker å førehandsrøyste for sokn utanom Masfjorden, er fristen for å røyste 1.september.

Gudstenester

Sjå også www.masfjorden.kyrkja.no

24.mai Pinsedag Joh 14,15-21

Sandnes kyrkje 11.00: Gudsteneste v/
Knut Fr. Sørheim. Nattverd.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
(Kyrkjeskys.)

25.mai 2.pinsedag. Joh 7,37-39

Stølsmesse på Stallane 12.00 ved Knut
Fr. Sørheim. Kort vei å gå opp frå
Eikemo.

31.mai Treeiningssøndagen.

Luk 10,21-24

Fjon Fjellkyrkje 11.00: Gudsteneste v/
Knut Fr. Sørheim. Takkoffer til
Nordhordland Indremisjon. I
samband med helgeleir for
Haugsvær Yngres.

Granneheimen 17.00: Gudsteneste v/
Knut Fr. Sørheim. Takkoffer til
Kirkens Bymisjon.

7.juni 2.søndag i treeiningstida.

Salme 67,2-6

Frøyset kyrkje 11.00: Gudsteneste v/
Knut Fr. Sørheim. Nattverd.
Takkoffer til Kristen Idrettskontakt
(KRIK). (Kyrkjeskys.)

21.juni 4.søndag i treeiningstida.

Matt 16,24-27

Solheim kyrkje 11.00: Gudsteneste v/
Knut Fr. Sørheim. Nattverd.
Takkoffer til Fjon Fjellkyrkje.
(Kyrkjeskys.)

28.juni 5.søndag i treeingstida.

Matt 7,21-29

Sandnes kyrkje 11.00: Gudsteneste v/
Magne Bjørndal. Nattverd.
Takkoffer til Famile og Medier.
(Kyrkjeskys.)

12.juli 7.søndag i treeiningstida.

Luk 19,1-10

Frøyset kyrkje kl 19.00: Gudsteneste
v/ Harald Sundsbø. Nattverd.
Takkoffer. (Kyrkjeskys.)

19.juli 8.søndag i treeiningstida.

Mark 12,37b-44

Solheim kyrkje kl 19.00: Gudsteneste
v/ Vilhelm Overå. Nattverd.
Takkoffer til Sjømannskirken.
(Kyrkjeskys.)

29.juli Olsok Luk 9,23-26

Fjon Fjellkyrkja kl 19.00: Olsokguds-
teneste v/ Geir Øy. Olsokstemne.

2.aug. 10.søndag i treeiningstida.

Matt 18,21-35

Sandnes kyrkje kl 11.00: Gudsteneste v/
Anders Hove. Nattverd. Takkoffer
til 'Masfjordingen'. (Kyrkjeskys.)

9.aug. 11.søndag i treeiningstida.

Mark 2,23-28

Stølsmesse på Kvingedalsetra kl 12.00
v/ Helge Hitland. (Omlag 1½ time
å gå frå Kvingedalen.)

23.aug 13.søndag i treeiningstida.

Luk 12,41-48

Stordalen Fjellstove kl. 15.15: Friluft-
gudsteneste ved innkomst Bjørn
West-marsjen. Minikonert kl
14.30.

30.aug. Vingardssøndagen

1 Kor 3,4-11

Sandnes kyrkje 11.00: Avskilsguds-
teneste v/ Knut Fr. Sørheim.
Nattverd. Takkoffer til Kristen
Idrettskontakt (KRIK).
(Kyrkjeskys.)

Kyrkjeskys


Når ei gudsteneste i lista er merka
med '(Kyrkjeskys)', er det mogeleg å
tinga skys. For å tinga skys, må ein
seinast (laur)dagen før ringa tlf som er
oppgeven for kvart sokn. Prisen er kr
50,- tur/retur.

Sandnes sokn: Ring Harald
Mjanger Tlf 56 36 55 49 / 478 88 857
eller Magne Andvik Tlf 56 36 51 13 /
908 97 721.

Solheim sokn: Ring Lise
Dyrhovden Tlf 56 36 72 57 / 468
96 147.

Frøyset kyrkje: Ring Harald / Olga
Birkeland Tlf 56 36 71 10 / 991
54 421.

Helga Ekehaug ny diakoni- og undervisningsleiar



Som vi tidlegare har meldt, er
Gunvor Fyllingsnes i ferd med å
avslutte si teneste som tilsett i
Masfjorden, og gå over i ei ny fase
som pensjonist.

Ny i stillinga, frå 20.april, er Helga
Ekehaug – 44 år og frå Voss – (enno?)
busett i Bergen.

Mange har alt møtt henne i ulike
samanhengar rundt i kommunen – frå
konfirmantleir til pensjonistsamlingar.
Vi ønsker henne hjarteleg velkomen
som medarbeidar, og vil i neste
ordinære utgåve av Masfjordingen
kome tilbake til henne og gje ei nærare
presentasjon.

Ny dato

for Inspirasjonssamlinga for Frivilligsentralen.

Det er tidlegare kunngjort å ha Inspirasjons-
samlinga for Frivilligsentralen på Fjon Fjellkyrkje onsdag 3.juni. Av
diverse grunnar må denne samlinga utsetjast.

Ny dato: **9.september**. Samlinga vert på Fjon Fjellkyrkje og Astrid
Byrknes, ordførar i Lindås, har sagt ja til å vera talar på samlinga.



Den sterkaste.

Av Gunvor Fyllingsnes

*Vår Gud er så stor, så sterk og så mektig,
finst ingenting han ikke kan.
Fjellet er hans og dalen er hans
og stjernene hans fingers verk.
Vår Gud er så stor så sterk og så mektig,
finst ingenting han ikke kan.*



Slik syng vi i ein liten song som vi brukar i barneforeningar, barnelag og yngres. Alle har vi til tider vore opptekne av å vera på lag med den sterkaste og å vera med på vinnarlaget.

Eg kjenner ein liten gut som ein dag krangla med nabojenta om kven som hadde sterkaste far. Ingen ville gje seg og det eine argumentet var betre enn det andre for å ha ein far som var sterkast. Til slutt slapp guten opp for fleire gode grunnar til fordel for faren sin. Hans siste replikk til jenta var: «Jesus er i alle fall sterkare enn alle for han har laga ein ny og levande veg til himmelen.» Så sterk kan sjølv ikkje den sterkaste far vera!

Korleis kunne Jesus laga denne vegen til himmelen? Vegen til himmelen hadde vore stengd for oss menneske. Det var alle syndene våre som låg der og stengde så vi ikkje kunne koma fram. Men så kom Jesus og ordna opp i dette. Han døde på korset for å ta vekk alle syndene våre. Og Jesus viste endå til sin siger over synda og døden ved å stå opp av grava og verta levande igjen. På denne måten opna han vegen til himmelen for alle menneske. Ja, han laga ein ny og levande veg!

Men mange vil ikkje gå på denne vegen. Dei vil ikkje tru på Jesus, i alle fall ikkje la trua få konsekvensar for livet. Mange trur dei kan koma til himmelen ved eiga hjelp, og gløymer at Jesus er den einaste vegen som fører til himmelen. Vi som trur på Jesus og lever livet saman med han, er på lag med den sterkaste av alle. Jesus sa etter han hadde stått opp frå dei døde: «Eg har fått all makt....» Det er trygt og godt å få leva livet saman med den sterkaste av alle!

Kva skjer med prestetenesta?

I møte 24.mars gjorde Bjørgvin bispedømmeråd følgjande vedtak:

1. Presteressursen i Solund, Gulen og Masfjorden vert redusert frå 300% til 250% med verknad frå 01.08.2015

2. Sokneprest i Gulen vert lyst ut snarast.

3. Ved vakanse i stillinga som sokneprest i Solund vert organiseringa av prestetenesta i soknet vurdert.

4. Meland får tilført 50% meir presteressurs så snart det er handlingsrom for dette.

Prosten har ansvar for til ei kvar tid å fordela presteressursane på best mogeleg måte, jfr tenesteordning for prostar.

Etter ei nærare vurdering frå prost og bispedømmeleing vart utlysing av stillinga (pkt 2) presentert slik:

Presten som vert tilsett vil ha eit samordnande ansvar for all presteteneste i kommunane Gulen og Masfjorden. Han eller ho vil vera

sokneprest i Gulen sokn og sokna i Masfjorden. Soknepresten i Solund vil i tillegg også vera sokneprest i Brekke og Mjømna sokn. Den som vert tilsett vil få sete i fellesråda i Gulen og Masfjorden. I tillegg vil sokna i desse kommunane få tilført 40 % presteressurs frå Sunnfjord prosti.

Etter at utlysinga gjekk ut, har punkta om sokneprest i Brekke og om presteressurs frå Sunnfjord prosti blitt endra til at soknepresten i Hyllestad skal vera sokneprest i Brekke sokn.

Då utlysingsfristen gjekk ut 29.april, var der tre søkjarar – Jens Linde (52) , Vegard Fuldseth (44) og Karla Haugevik (67).

Sokneråda har hatt søkjarlista til uttale, men slike fråsegner er ikkje offentlege. Tilsetjing er planlagt å finne stad i bispedømmerådet sitt møte mandag 4.juni.

Det mest spennande no, blir korleis

Meir om soknerådsvalet

Røysterett frå 15 år

Røysterett ved kyrkjevalet har alle som er medlem i Den norske kyrkja og som seinast innan valåret fyller 15 år og som bur i soknet.

Alle som har røysterett skal før valet få tilsendt valkort. Desse skal vere sendt ut seinast 10.august.

Kyrkjeleg manntal

Ved soknerådsvalet nyttar ein eit eige kyrkjeleg manntal for kvart sokn, utarbeidd på grunnlag av det sentrale medlemsregisteret for kyrkja.

Dette manntalet vil vere tilgjengeleg for ettersyn ved kyrkjekontoret frå 10.august til 1.september. Ein kan eventuelt få opplyst ved telefon til kyrkjekontoret, om ein er oppført i manntalet.

Tilleggsrøyster

Ved tidlegare val har det av litt ulike grunner vore stort fokus på stryking av kandidatar – mest kansje om nokon hadde lite ønske om å bli vald.

Ved valet denne gongen vil der ikkje vere høve til å stryke namn som står på vallista. Om namn likevel blir strokne, vil dette ikkje bli teke omsyn til ved opteljinga.

Dei endringar ein kan gjere på røystesetelen, er desse:

- Ein kan ei tilleggsrøyst til inntil tre namn ved å setje kryss ved namnet.

- Ein kan føre opp inntil tre nye namn. Desse kan ikkje få tilleggsrøyst.

Info på nett

Aktuell og lokal informasjon om valet skal også vere å finne på nettsida vår, med adressa www.masfjorden.kyrkja.no – og all generell informasjon på nettsida www.kyrkjevalet.no.

ein kan få lagt tilrette prestetenesta i praksis, slik at ein får mest mogeleg tenlege ordningar under sterkt endra vilkår.

Masfjorden kyrkjelyd

Kyrkje-/prestekontoret i kommunehuset.....	56 16 62 00
Direktenummer:	
Kyrkjeverja	56 16 62 61
Diakoni- og undervisningsleiar:.....	
.....	56 16 62 62
Sokneprest	56 16 62 63
Kyrkjegardsarbeidar	56 16 62 66

Stølsmesse på Stallane 2.pinsedag

Nok eit år opplever vi at der er mykje snø i fjella ved ein tidleg pinsehøg. Det betyr mellom anna at vi for stølsmessa 2.pinsedag måtte finne ein høveleg stad som ikkje er alt for høgt til fjells, og då fall valet på Stallane på Eikemo.



Det er lenge sidan sist vi hadde stølsmessa der, så no var det eigentleg på tide med ei ny. Stølsmessa er ei heilt enkel gudsteneste, og så sant veret tillet, er den ute i det fri. Stølsmessa tek til kl 12.00 og blir ved sokneprest Knut Fr. Sørheim.

Stallane ligg på eit slags platå over gardane på Eikemo. For å kome opp dit, parkerer ein ved vegen på Eikemo

og finn stien som går opp på oppsida. Det skal gå greit for dei aller fleste å kome opp på i overkant av ein halvtime, - kanskje tre kvarter.

På ei nettside med adressa www.risnesil.info/content/stallane og ei lenke ein finn der, kan ein lese meir om staden.

Velkomen til stølsmessa 2.pinsedag.

Søndagane 7. og 21.juni har Knut Sørheim siste gudstenester i Frøyset og Solheim kyrkje.

Knut Sørheim går av med pensjon i august, og har då vore sokneprest i Masfjorden i 32 år!

Siste gudsteneste/avskilsgudstenesta i Masfjorden blir i Sandnes kyrkje søndag 30.august kl 11.00, men sokneråda i Frøyset og Solheim ynskjer å gjera litt ekstra stas på presten vår under og etter gudstenestene 7.juni i Frøyset og 21.juni i Solheim, begge stader kl 11.00.

Utvida kyrkjekaffi blir det også begge stader, og på Solheim har me tinga godt og tenleg ver, slik at me kan samlast på kyrkjebakken etter gudstenesta.

Håpar mange finn vegen til kyrkja vår desse søndagane.

Alle er hjarteleg velkomne !

Sokneråd i Frøyset og Solheim.

Mobiltelef / e-post:

Alle mailadressene har etter @, om der ikkje står noko anna:

masfjorden.kommune.no

Kyrjekontoret:

kyrkja@masfjorden.kommune.no

Svein Kvamsdal, kyrkjeverje:

945 06 949 - svein.kvamsdal@

Anne Merethe Reknes, organist:

474 13 141 - anne.merethe.reknes@

Helga Ekehaug, diakoni- og undervisningsleiar

911 93 612 - helga.ekehaug@

Kolbjørn Reknes, kyrkjegardsarbeidar

990 27 121 - kolbjorn.reknes@

Sokneråd / Kyrkjeleg fellesråd

Arne J. Riisnes, fellesrådsleiar

913 62 788

arne.risnes@lindas.kommune.no

Ragnhild Skuggedal, leiar Sandnes

906 13 181 - ragnhild.skuggedal@

Lie Dyrhovden, leiar Solheim

468 96 147 - lised@IMR.no

Terje Myrvang, leiar Frøyset

934 52 085

Prestetenesta i sommar

I tida 22.juni til 23.august har Knut Sørheim ferie/avspasering, og der er ikkje sett opp fast vikarteneste.

For kontakt med prest (dåp, gravferd og anna) kan du ringe det faste kontornummeret, eller direkte til fungerande prost:

Geir Sørebo – før 29.juni og etter

9.august: 957 29 172

Harald Sundsbø 29.juni -19.juli

959 76 864

Geir Øy 20.juli – 9.august

988 24 359

Adressa til 'Masfjordingen':

Masfjorden kyrjekontor

Austfjordvegen 2724

5981 Masfjordnes

Bankgiro 3635.71.04216